



Arkivnr: 2014/10571-71

Saksbehandlar: Bjørn Inge Midtgård

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for miljø og samferdsel		15.03.2017
Fylkesutvalet		30.03.2017

Belønningsordninga - søknad om auka økonomiske rammer for 2017

Samandrag

Samferdselsdepartementet har i brev, datert 24. januar 2017, invitert utvalde byområde til å søka om auka økonomiske rammer for belønningsordninga i 2017 (sjå vedlegg). Søknadsfristen er 4. mars 2017. Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune vart på administrativt nivå samde om å senda vedlagde søknad.

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å slutta seg til søknaden om 112 mill. kr. ekstra belønningmidlar for 2017, frå 28.2.2017.

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet sluttar seg til søknaden om 112 mill. kr. ekstra belønningmidlar for 2017, frå 28.2.1017.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

- 1 Belønningsordninga - økte økonomiske rammer for 2017(1392932)
- 2 Belønningsordninga - søknad om auka økonomiske rammer for 2017

Fylkesrådmannen, 28.02.2017

Samferdselsdepartementet har i brev, datert 24. januar 2017, invitert utvalde byområde til å søka om auka økonomiske rammer for belønningsordninga i 2017 (sjå vedlegg). Søknadsfristen er 4. mars 2017. Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune har på administrativt nivå blitt samde om å senda vedlagde søknad.

I søknaden er det søkt om 112 mill.kr. til tiltak i Bergen. Samla utlyst søknadsramme er på 425 mill. kr. Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune har søkt om slik tildeling av ekstra belønningsmidlar i 2017 - for finansiering av følgjande tiltak i prioritert rekkefølge:

Prioritet	Prosjekt/tiltak	Søknad om finansiering
1.	Bybanevogner, årleg kostnad	45 mill.kr.
2.	Planlegging - bybane, sykkel og kollektivtiltak	20 mil.kr.
3.	Oppgradering av busshaldeplassar på kommunal veg	12 mill.kr.
4.	Sykling mot einvegskøyrt gater	16 mill.kr.
5.	Aktiv signalprioritering	4 mill.kr.
6.	Elektriske bussar	15 mill.kr.
Sum:		112 mill.kr.

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å slutta seg til søknaden frå om 112 mill. ekstra belønningsmidlar for 2017.